

# Innst. S. nr. 201.

(1998-99)

## Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om samtykke til godkjenning av EØS-komitéavgjerd nr. 87/97 av 9. desember 1997 om endring av vedlegg II (tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering) og vedlegg IV (energi) til EØS-avtala.

St.prp. nr. 49 (1998-99).

Til Stortinget.

### Samandrag

Utanriksdepartementet viser i proposisjonen til EØS-komitéavgjerd nr. 87/97 av 9. desember 1997, som gjeld innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsdirektiv 96/57/EF av 3. september 1996. Direktivet gjeld energieffektivitetskrav til nye nettdrivne hushaldskjøleskap, -fryseskap og -fryseboksar eller kombinasjonar av slike som er meinte for næringsmiddel. Kjøleutstyr til kommersiell bruk fell utanfor verkeområdet til direktivet.

Departementet viser til at føremålet med direktivet skal vere å fremje ei meir fornuftig energiutnytting. I innleiinga til direktivet er det såleis vist til ei rekkje vedtak og målsetjingar i samband med miljøpolitikken, m.a. kravet om reduserte utslepp av CO<sub>2</sub>. Når det gjeld elektriske hushaldsapparatar, som krev ein monaleg del av elektrisitetskapasiteten i Fellesskapet, er målet å oppmuntre forbrukarane til å velje apparat og utstyr med høg elektrisitetseffektivitet og dessutan å betre effektiviteten til apparata. Direktivet har òg som mål å fjerne tekniske handelshindringar ved at lovgjevinga i medlemslanda vert harmonisert.

Departementet viser til at gjennomføringa av direktivet krev lovendring, men det finst i dag inga eigna lov under Olje- og energidepartement som gjev heimel for forskrifter om krav til energieffektivitet. Ein har etter ei grundig vurdering kome til at det er føremålstenleg å nytte produktkontrollova som ei slik heimelslov, og eit framlegg er gjort i ein eigen odelstingsproposisjon frå Olje- og energidepartementet om endring av produktkontrollova, jf. Ot.prp. nr. 42 (1998-99) om lov om endringer i lov av 11. juni 1976 nr. 79 om kontroll med produkter og forbrukertjenester. Forslaget i odelstingsproposisjonen inneber at føremålet til produktkontrollova vert utvida til å omfatte energibruk, samt at det vert innført ein ny artik-

kel 4a i produktkontrollova som gjev Kongen fullmakt til å utferde forskrifter om energieffektivitetskrav.

EØS-komitéavgjerda og direktivet i norsk omsetjing følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

### Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Aud Blattmann, Gunn Karin Gjøl, Sigurd Grytten, Bent Hegna, Torny Pedersen og lederen Jens Stoltenberg, fra Framskrittspartiet, Øyvind Korsberg og Øyvind Vaksdal, fra Kristelig Folkeparti, Bror Yngve Rahm og Lars Rise, fra Høyre, Jan Johnsen og Jan Tore Sanner, fra Senterpartiet, Magnar Lussand, fra Sosialistisk Venstreparti, Hallgeir H. Langeland og fra Venstre, Gunnar Kvasheim, er kjent med at det foreliggende europaparlaments- og rådsdirektiv 96/57/EF av 3. september 1996 handler om energieffektiviseringskrav til elektriske husholdningskjøleskap og -fryser og kombinasjoner av slike. Formålet er å fremme en mer fornuftig energiutnyttelse.

Komiteen vil peke på at det foreslåtte samtykke av EØS-komitéavgjørelse nr. 87/97 av 9. desember 1997 er nødvendig for at lovendring skal kunne gjøres.

Komiteen viser til at den store veksten i energi først og fremst har skjedd i husholdningene. En er kjent med at det i dag ikke blir stilt krav til energiutnyttelse på hvitevarer som brukes i husholdningene, selv om disse krever en forholdsvis stor del av elektrisitetskapasiteten.

Komiteen viser til Innst. S. nr. 150 (1997-98) Om miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling, dugnad for framtida, s. 12:

"Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, viser til at Regjeringen vil dempe veksten i energibruken i Norge, og foreslår et program for fornybar energi og energiøkonomisering. Flertallet viser til at Norge er det land i verden som har høyest elektrisitetsforbruk pr. innbygger. Potensialet for energisparing er stort, og det er et mål å redusere forbruket av elektrisitet. Innsatsen for enøk i husholdninger, i offentlige bygg og i bedriftene må styrkes kraftig."

Komiteen stiller seg positive til det foreliggende direktivet, og mener det kan medvirke til en mer fornuftig bruk av elektrisitet i husholdningene.

#### **Uttalelse fra utenrikskomiteen**

Energi- og miljøkomiteen har i brev av 26. mai 1999 mottatt følgende uttalelse fra Utenrikskomiteen:

"Utenrikskomiteen slutter seg til energi- og miljøkomiteens enstemmige utkast til innstilling."

#### **Tilråding frå komiteen**

Komiteen har for øvrig ingen merknadar, viser til proposisjonen, og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

Stortinget samtykker til godkjenning av EØS-komiteavgjerd nr. 87/97 av 9. desember 1997 om endring av vedlegg II (tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering) og vedlegg IV (energi) til EØS-avtala i samsvar med forslag i St.prp. nr. 49 (1998-99).

Oslo, i energi- og miljøkomiteen, den 31. mai 1999.

**Jens Stoltenberg,**  
leiar.

**Gunnar Kvassheim,**  
ordførar.

**Aud Blattmann,**  
sekretær.